



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Marine Harvest Norway AS
Avd. Ferskvann
Postboks 4102, Dreggen
5835 BRYGGEN

Vår dato: **31 AUG 2010**

Vår ref.: NVE 200800102-14 rv/ias

Arkiv: 313 /094

Dykkar dato: 07.01.2008

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ivar Sægrov

57 83 36 72

Marine Harvest AS avd. Steinsvik – Søknad om løyve til å oppretthalde fiskesperre i Vassbakkvatnet

Vi viser til søknaden dykkar datert 01.03.2007 om utviding av settefiskanlegget i Steinsvik for produksjon av 2,5 mill sjødyktig settefisk. Det er også søkt om konsesjon etter vassressurslova § 8 for vassuttak og framhald i reguleringa av Vassbakkvatnet og å halde vassdraget stengt for oppgang av anadrom fisk forbi dammen i Vassbakkvatnet i 10 nye år.

NVE har handsama søknaden om vassuttak og framhald i reguleringa av Vassbakkvatnet som eiga sak og gjort vedtak som blir oversendt samstundes med dette vedtaket om fiskesperre.

NVE har gjeve løyve til at Vassbakkvatnet kan regulerast med 1 meter og det er gjeve løyve til eit nærare fastsett vassuttak. Vi syner til vilkåra i konsesjonen for dette løyvet. I post 5 i vilkåra er det eit standard fullmaktsvilkår for Fylkesmannen som i medhald av dette mellom anna kan gje pålegg om tiltak som kan lette oppgang for anadrom fisk i vassdraget. Eit ev. pålegg om slike tiltak føreset at NVE ikkje gjev løyve til at vassdraget skal vere stengt for oppgang forbi demninga ved utløpet av Vassbakkvatnet.

Bakgrunn/vurderingsgrunnlag

Marine Harvest AS, Norway har 07.01.2008 søkt om utviding av settefiskanlegget etter akvakulturloven samt auka vassuttak og å oppretthalde fiskesperre og regulering av Vassbakkvatnet etter vassressurslova § 8. I dette vedtaket er det tilhøvet til fiskesperra som vert vurdert då dei andre tilhøva som nemnd er vurdert i eige vedtak.

Referert frå søknaden:

"Laks og sjøaure

Vassdraget er opprinnelig lakse- og sjøaureførende, med en lakseførende strekning på 3 km i Vassbakkkelva fra sjøen og en strekning på 1 km fra sjøen i Tungeelva. Det er utarbeidet en egen

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
0212 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

rapport vedrørende vurdering av situasjonen for laks og sjøaure i vassdraget i forbindelse med søknad om etablering av fiskesperre i utløpet av Vassbakkvatnet (Størset 2004):

Det er funnet sannsynlig at det går opp laks og sjøørret sporadisk i Vassbakkedalselva ved gode vannføringsforhold. Bakgrunnen for dette er elektrisk fiske i 2004 og fiskeribiologisk utredning i 1993. Den sporadiske oppgangen er ikke tilstrekkelig til å opprettholde naturlige bestander av laks og sjøørret i vassdraget (fra sammendraget).

Denne rapporten oppsummerer både utvikling og status i vassdraget vedrørende fiskebestandene og uttak av fisk fra omkring 1850 og fram til i dag. Rapporten fra 1994 omfatter imidlertid også strekningen fra Vassbakkvatnet og ned til sjøen, samt den lakseførende delen av Tungeelven (Waatevik 1994), og resultatene og konklusjonene fra denne undersøkelsen er gjengitt i rapporten fra 2004. I 2004 var det imidlertid ingen vits å foreta undersøkelser på de nedre strekningene i vassdraget, fordi det var foretatt opprenskning og erosjonssikring langs kantene. Hver eneste stein var snudd, og det ble vurdert som svært lite sannsynlig å finne fisk på denne strekningen (Størset 2004).

De nedre delene av vassdraget, med et samlet areal på maksimalt 5000 m² og en gjennomsnittlig vannføring på 1,6 m³/s, vil teoretisk sett kunne produsere omtrent 30 smolt/100 m² (Sægrov mfl.2001), og med en andel laks på minst 60 (Waatevik 1994) eller gjerne opp mot 80 %, er den nedre delen av vassdraget i seg selv stor nok til å opprettholde en egen laksestamme, dersom en setter grensen til minst 1000 utvandrende smolt årlig for å ha en laksebestand (Skurdal mfl 2001).

Settefiskforskriften setter krav til at det ikke skal kunne gå anadrom fisk i vanninntak til settefiskanlegg, og av samme grunn ble det allerede i 1988/89 etablert en fiskesperre i forbindelse med eksisterende dam i utløpet av Vassbakkvatnet. Steinsvik Laks AS fikk et tidsbegrenset løyve fra NVE for denne fiskesperren i 1991, og dette løyvet ble utvidet for ytterligere fem år. I forbindelse med utvidelsessøknaden søkes det NVE om å få opprettholde denne sperren i ti nye år, slik at Vassbakkvatnet fortsatt kan være hovedvannkilde for anlegget.

For NVEs behandling av denne søknaden, vises det til omfattende tidligere korrespondanse og møtevirksomhet; blant annet møte med NVE i Førde mandag 2. februar 2004, søknad om fiskesperre av 19. februar 2004, kommentarer fra NVE i brev av 28. februar 2004, og ny søknad av 16. august 2004 (vedlagt).

Søknaden med all dokumentasjon er opprinnelig utarbeidet for fire år siden i 2004, men på grunn av uklarheter i forvaltningsrekkefølge vedrørende avklaring av NVE-søknadene i forhold til den planlagte utvidelsessøknaden, har saken stanset opp. Den fremmes derfor nå "på nytt" samlet overfor alle involverte forvaltningsorgan."

Demning og fiskesperre i utløpet av Vassbakkevatnet

Drøftingar og innspel omkring demninga og fiskesperre i utløpet av Vassbakkevatnet er ikkje av ny dato. Ei meir samla historisk oppsummering går fram av utdrag frå søkjar sitt brev til NVE av 19.04.2009:

"Denne demningen har vore kraftverksdemning samanhengande frå 1918 til 1976, då Steinsvik og Vassbakke kraftverk vart avvikla. Det vart i 1976 sprengt eit hol i den gamle Demningen vart sett opp att i 1988/89 og samstundes vart elvebotnen på nedsida senka ca. 0,6 m. Den nye demningen er ca 15 cm lågare enn toppen på den gamle E-verksdemninga.

Sida 1988/89 har demningen fungert både som fiskesperre og regulering av vassmagasinet

Grunneigarane i Steinsvik har 5/7 deler av reguleringsretten i Vassbakkevatnet, og grunneigarane på Vassbakke har 2/7. Dette gjeld også vassrettane nedover til elvane går saman.

Rundt 1950 søkte ein hytteeigar i Vassbakkedalen om løyvet il å setje ut yngel i Fremstevatnet og i Vassbakkevatnet fordi der då var lite fisk. Han kosta og bygging av laksetrapp slik at fisk skulle kome opp i Vassbakkevatnet. Denne laksetrappa hadde vatn berre når det var overlaup av vatn. Kraftproduksjonen var den viktigaste, og det vart passa nøye på at ikkje noko vatn gjekk til spille. Når vass-standen kom under demningstoppen rann det ikkje noko vatn nedover elva, bortsett frå eventuelle lekkasjar i demningen.

Pan Fish Norway AS Avdeling Steinsvik er eit setjefiskanlegg som vart etablert i 1986 og har i dag konsesjon for produksjon av 500 000 stk. laksesmolt pr. år. Selskapet utnyttar vatn frå Vassbakkevatnet og har Tungelvas om reserveinntak. Demningen frå 1988/89 fungerer som fiskesperre slik at inntaket av råvatn i Vassbakkvatnet ikkje kan bli tilført smitte frå vill anadrom laksefisk. Dette er heilt vesentleg for drifta av setjefiskanlegget.

I 1995 fekk ein pålegg om utgreing av bygging av tersklar på nedsida av demninga og ein frist på 5 år, fram til mai i 2000 til å gjennomføre arbeidet. Dette for å gjere det mogeleg for laks og sjøaure å gå opp i Vassbakkvatnet Dette arbeidet er enno ikkje blitt gjennomført fordi det har vore jordskiftesak heilt fram til våre dagar om vassrettane i vassdraget samt forordning med grunneigar om å etablere desse kulpane. Av hensynt til planar om utviding av vår produksjonen søker vi no om permanent fiskesperre då vi meiner forholda i Steinsvik har endra seg sidan 1995.

Vår grunngjeving for at ein bør få løyve til permanent fiskesperre i osen ved Vassbakkvatnet er:

- *vassdraget har i årtider vore regulert til produksjon av elektrisk kraft.*
- *historisk sett har elva ikkje vore vurdert som ei attraktiv fiskeelv.*
- *elva har i årtier, og det er dokumentert tilbake til midt på 1800 talet, vore brukt til industrielt føremål og regulering med lite tanke på fisk og fiskebestand. Dette og i lag med Bogvatnet og regulering av dette. Det vart kommersielt brukt slik at vatn ikkje gjekk i overløp og til spille frå Vassbakkevatnet.*
- *fiskesperre er ein føresetnad for sikkert inntak av ferskvatn utan fare for smitte frå villfisk til setjefiskproduksjonen.*

Høyringsfråseegner

Volda kommune peikar i fråsegna på at det er viktig at det blir fastsett vilkår om minstevassføring, men har ikkje kommentert spørsmålet om å fiskeperre.

Møre og Romsdal fylke har i si fråsegn av 18.09.2009 ma kommentert søknaden slik.

"Vurdering

Fiskesperre

Denne saka har ei lang forhistorie som vi finn naudsynt å oppsummere kort:

- 1990: Fylkesmannen (FM) vart gjort kjent med at fiskesperre ulovleg var etablert i Vassbakkeelva. Saka vart meldt og i brev av 28.06. fremja FM krav om at fiskesperra straks vart fjerna. Steinsvik Laks AS søkte 17.08. om mellombels løyve til etablering av fiskesperre og den 20.08. vart FMs vedtak om riving påklaga.

Søknaden om fiskesperre vart sendt på brei høyring

- 1991: I brev til NVE 30.01. oppsummerar FM høyringsfråsegnene og ber om at fiskesperra må vere fjerna innan 15.04.91. NVE gjer vedtak om at fiskesperra kan stå i 3 år frå 01.04.91.
- 1993: Steinsvik Laks AS (20.03.) søkjer om ny løyve til fiskesperre.
- 1994: FM sender saka på høyring (20.06.) etter at ny dokumentasjon av biologiske opplysningar ligg føre. I brev til NVE (16.12.) oppsummerar FM høyringsfråsegnene og går imot at det blir gitt konsesjon til sperre. Ber om at sperra blir fjerna innan våren 1995.
- 1995: Direktoratet for naturforvaltning (18.01.) ber om at fiskesperra blir fjerna. NVE (24.10) gir likevel løyve til å stenge Vassbakkvatnet for anadrom fisk fram til 01.06.2000. Vilkår:
 1. Selskapet må innan utgangen av 1997 leggje fram ein plan for korleis smittefritt vatn skal sikrast etter 01.06.2000.
 2. Selskapet er ansvarleg for å fjerne sperra ved utløpet av løyvet. NVE skal godkjenne oppryddinga.

I NVEs vurdering vart det peika på at selskapet ved dette skulle ha "god tid til å planlegge og eventuelt installere et renseanlegg". Vidare vart det poengtert at "Selskapet kan ikke regne med en ytterligere forlengelse av tillatelsen".

Vi registrerer at dei fristane som har vore sett til fjerning av fiskesperra aldri har blitt følgt. Fiskesperra har no stått i over 9 år utan godkjenning. Selskapet har etter det vi kan sjå heller ikkje lagt fram ein plan for korleis smittefritt vatn skal sikrast etter 01.06.2000. Vi reiser også spørsmål ved kvifor NVE ikkje har følgt opp dei vilkår som dei sjølve sette i løyvet av 24.10.1995.

Bakgrunnen for at Møre og Romsdal fylke (Fylkesmannen i Møre og Romsdal) og Direktoratet for naturforvaltning konsekvent har gått imot fiskesperra er at dei eksisterande anadrome fiskestammer i vassdraget skal sikrast på best mogleg måte. Vi viser her til våre tidlegare vurderingar og fråseegner i saka.

I søknaden er det gjort miljøvurderingar av fiskesperra (Sweco Grøner 2004). Dei konkluderar med at: "En permanent sperre, alternativt en forbedret sperre i Vassbakkdalselva vil føre til at sjøørretbestanden i vassdraget holdes på et lavt nivå og gradvis blir utryddet. Dersom sperra gjøres mer effektiv vil også sjøørretbestanden etter hvert bli utryddet. Laksebestanden vil forbli fraværende i vassdraget". Vidare framheld dei at "Forbedring av oppgangsmulighetene for laks og sjøørret kan bidra til at bestandene av laks og sjøørret henholdsvis kan reetableres og forbedres. Det potensialet vassdraget har for anadrom fisk kan benyttes i fremtiden".

Vi viser også til brev frå NVE til oppdrettsnæringa (16.12.08) om "Endring av forvaltningspraksis av settefiskanlegg" der NVE har sett behov for meir aktiv forvaltningspraksis med omsyn til settefiskanlegga og deira aktivitet i og langs vassdraga. Det blir her peika på at løyve til fiskesperrer ofte er gitt for ein avgrensa periode og er ulovleg etter dette tidspunkt. Det går også klart fram at fiskesperra er uønska i dei aller fleste tilfelle.

Fiskesperra har no stått ulovleg i over 9 år. Det har ikkje kome vesentlege nye opplysningar i saka som endrar vårt syn på denne. Ut frå omsynet til biologisk mangfald og dei lokale lakse- og sjøaurebestandane kan vi derfor ikkje rå til at det blir gitt nytt mellombels løyve til å oppretthalde fiskesperra i 10 nye år.

I forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion er det også sett inn tiltak som fjerning av fiskesperrer, der sperra i Vassbakkeelva er vist som eit døme."

Søklar kommenterar følgjande i brev av 18.09.2009:

"Demninga har slik eg er kjend med stått lenge og har med tidligare utnytting av vatnet til kraftverk og andre aktiviteter. Denne var tilordna i tidligare tider for å stette krav til effektiv sperre. For å tilordne denne fiskeoppgangen i 2000 skulle vi iht skisser fra Direktoratet for Naturforvaltning etablere nokre kulper som utligna høgdene. Dette vart forsøkt oppstarta, men grunneigar nekta oss når gravemaskin skulle tilordne dette. Det gjekk då på dette med retter og avtaler for å få dette gjort, og arbeidet med å få til avtaler og kompensasjon for dette var vanskelig. Gardane på Steinsvik og Vassbakke gjekk inn i jordskiftesak og skulle avklare bl.a vass-, beite- og fiskerettar som drog ut denne prosessen.

Denne jordskiftesaka er avgjort, anka og fastsatt. Grunneigarar på dei to gardsnummer lesar dette likevel noko ulikt slik at arbeidet med ei felles avtale er lagt bort og vi har fastsett avtale med Vassbakke og arbeider med tilsvarande for Steinsvik. Vi har eksisterande avtaler som grunnlag for våre rettar, men vil avklare alle evt uklarheter i nytt avtalesett."

[...]

NVE sine merknader

Ein gjennomgang av saksdokumentasjon i høve demninga i Vassbakkevatnet viser eit noko forvirrande bilde av rådande oppfatningar og definisjonar omkring fiskesperra i Vassbakkevatnet. I fleire høve kan det synast som om drøftingane har vore tufta på upresis oppfatning av det formelle grunnlaget for det etablerte vassdragsanlegget (demning og regulering i Vassbakkevatnet).

I samband med søknaden om å stenge Vassbakkelva for oppgang av anadrom fisk (vassdragslova §§ 104 – 105) kommenterte NVE reguleringa og vassuttaket frå Vassbakkevatnet i brev av 24.10.1995 slik:

"Vi vil imidlertid sterkt påpeke at viss det viser seg at selskapet går utover regulering som selskapet praktiserer uten en tillatelse etter nevnte lov (laveste vannstand 30 moh og høyeste

regulert vannstand 31 moh) og tørrlegger Vassbakkelva, vil reguleringa og uttaket i Vassbakkvatnet måtte bli behandlet etter samme lov."

I brev av 01.02.1996 presiserar NVE:

"Når det gjelder ordlyden i post 2, har NVEs intensjon med vilkåret ikkje vært å pålegge selskapet å fjerne reguleringsinnretningen i Vassbakkvatnet ved tillatelsens utløp, men åpne for at anadrom fisk fritt kan gå opp i vannet. Som det går fram av både søknaden og vår innstilling er selskapet avhengig av å kunne regulere vannet for å sikre vanntilførselen til anlegget."

NVE si omtale av "løyvet" slik som vist til ovafor, gjeld løyvet til å ha Vassbakkeelva stengt for oppgang av anadrom fisk ved dammen i Vassbakkevatnet.

I konsesjonen for vassuttak og regulering er det no fastsett vilkår om minstevassføring, og det er konkludert med at demninga og reguleringa i Vassbakkevatnet er lovleg. Det er vidare gjeve konsesjon for å oppretthalde dammen og regulere vatnet med 1 meter.

Vidare er det klart at løyve av 24.10.1995 som var gitt i medhald av vassdragslova §§ 104 – 105 om å halde vassdragsstrekka ovafor dammen stengt for anadrom fisk ikkje lenger kan gjerast gjeldande då løyvet til dette er utgått. MHN er difor avhengig av eit ev. nytt løyve til dette.

Eigar av settefiskanlegget fekk i 2000, med hjelp frå Direktoratet for naturforvaltning, utarbeidd planar for trappevis tersklar som skulle sikre oppgang for anadrom fisk forbi dammen. Desse planane stranda på manglande avtale og tilslutnad frå dei aktuelle grunneigarar/elveigarar. I brev til Volda kommune, som Steinsvik Laks AS vidaresendte kopi av til NVE, vart det gjeve fylgjande svar på nabovarsel:

"Viser til nabovarsling frå Steinsvik Laks AS ved Per Mulvik AS datert 11.5 til Jon Vassbakke, eigar av 132/1. Undertegnede representerer grunneigar i denne merknaden til saka. Gnr. 132 bnr. 1 er eigar på begge sidene av elva i dette området, og har ikkje gitt løyve til å bygge steinmurane, som skal danne dammar for å oppretthalde fiskeoppgang til Vassbakkevatnet.

Vi ber om at Volda kommune stopper behandling av søknaden inntil Steinsvik Laks AS har gjort avtale med grunneigar om å ha konstruksjonen ståande, og tilkomst med byggjematerialar/maskiner. Så snart ei avtale er inngått vil vi underrette Volda kommune om dette, og mest sannsynleg gi eit positivt samtykkje til tiltaket.

Etter overfladiske vurderingar gjort i storflaum, er vi usikker på om det ikkje er nødvendig å forebygge elva på sidene i minst 20 m lengde på begge for å unngå oversvømmelse og utgraving. Dette er forhold som eg som representant for grunneigar vil ta opp ved eventuell avtale med Steinsvik Laks AS."

Fråsegna som grunneigarane til vassdragsavsnittet har gjeve til søknaden om utviding gjev heller ikkje grønt lys for avtalar om å gjennomføre dei planlagde tiltaka. I fråsegna datert 11. januar 2010 frå grunneigarane til Steinsvik, gnr. 131, bnr. 1 – 5, er fylgjande med:

"Grunnlaget for busetnad i Inste Dalsfjorden har i all tid vore utnytting av naturressursane. Smoltanlegget har vore i drift i 25 år og har trass skiftande i tider i denne næringa vist at det er eit godt grunnlag for slik produksjon her.

Men dette er også dei einaste industriarbeidsplassane i Inste Dalsfjorden no. Skofabrikken vart lagt ned midt på 1990-talet. Jordbruket er også nesten heilt utradert. Det er i dag eit bruk som driv mjølkeproduksjon og eit par som driv kjøttproduksjon på sau. Alle i liten målestokk og ikkje som eineyrke for nokon.

Fisket i vassdraget har aldri vore avgjerande for busetnaden i bygda. I den grad det har vore drive fiske i vassdraget har det vore ved sidan av anna utnytting og alltid heilt underordna denne.

Me meiner difor det ville vere heilt urimeleg dersom omsynet til fisket i elva eller fiskebestanden skulle føre til at dei siste faste arbeidsplassane skal forsvinne frå Inste Dalsfjorden. Me er glade for at Marin Harvest Norway AS vel å satse på utviding og trygging av anlegget og at det også kan føre til fleire arbeidsplassar enn der er i dag.

Marin Harvest Norway AS sin søknad om utvida produksjon og om mellombels fiskesperre for 10 nye år må difor imøtekomast."

NVE si vurdering

Grunna fåre for smitte av fiskesjukdommar var det tidlegare krav om at vassinntak til settefiskanlegg ikkje skulle ha oppgang av anadrom laksefisk (seinast i forskrifta av 22.12.2004 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta)). I dag er kravet til sikker vassskjelde spesifisert i forskrift om drift av akvakulturanlegg. Mattilsynet (og Fiskeridirektoratet) tillet no at settefiskanlegg kan ha vassskjelde med oppgang av anadrom laksefisk, under føresetnad av at inntaksvatnet vert desinfisert. Gjeldande akvakulturdriftsforskrift er slik sett helt i tråd med naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Det tidlegare kravet om vassskjelde utan oppgang av anadrom laksefisk har ført til at det i mange vassdrag er bygd fiskesperrar. Dette har ført til reduksjon av laks- og sjøaureførande vassdragsstrekningar med den konsekvens at stadeigne bestandar av laks og sjøaure har vorte redusert eller i verste fall har døydd ut. Det i dag elles kjente og ofte nytta metodar for desinfeksjon av inntaksvatnet som kan erstatte behovet for fiskesperre.

I fråsegna frå Møre og Romsdal fylke er det gjeve ei viss oppsummering omkring stenging av vassdraget for anadrom fisk. Fylket har, med referanse til tidlegare fråsegner og vurderingane som er gjort i utgreiingar vedlagt søknaden (Sweco Grøner 2004), peika på kor viktig det er å sikre fiskestammene i vassdraget på best mogleg måte. Betring av tilhøve for oppgang forbi dammen blir vurdert som viktig.

NVE har som nemnt konkludert med at demninga i Vassbakkevatnet er eit lovleg etablert vassdragsanlegg og konsesjonen gjev løyve til å halde fram med ei regulering på 1 meter. I vilkåra for løyvet er det fastsett krav om minstevassføring forbi dammen gjennom heile året. I tillegg kan fylkesmannen med heimel i vilkåra og i samarbeid med grunneigarane, pålegge konsesjonæren tiltak for å styrke fiskestammene i vassdraget herunder også tiltak for at anadrom fisk lettare kan passere opp forbi dammen i Vassbakkevatnet dersom det ikkje blir gjeve løyve til at vassdraget kan haldast stengt.

NVE legg i vurderinga no vekt på at vilkår om slepping av minstevassføring forbi dammen i Vassbakkevatnet og frå inntaket i Tungeelva, slik det er med i konsesjonen for vassuttak til settefiskanlegget, vil bidra til å betre grunnlaget for å etablere tryggare vassføringsregime og meir stabile forhold i vassdraget.

Med grunnlag i informasjon og dokumentasjon som er lagt fram i saka om fisket i vassdraget, kan det vere lite tvil om at anadrom fisk sporadisk, og i periodar meir samanhengande, har kunne vandre opp i Vassbakkevatnet og vidare til ei kortare strekning ovafor vatnet. Det er vidare relativt sikker informasjon som viser at oppgangen i lengre tid har vore mykje avgrensa.

Det ligg ikkje føre utfyllande informasjon om tilhøva før bygging av kraftverksdammen i 1918. NVE vurderer det likevel slik at det med oppbygging av dammen vart etablert eit vandringshinder for

anadrom fisk. Bygging av fisketrapp omkring 1950 viser at dammen var stengsle for oppgang og at strekninga ovafor vart vurdert til å ha eit potensiale for anadrom fisk.

NVE vurderer den samla informasjonen som er lagt fram slik at det har vore mykje ustabile tilhøve for fisk i vassdraget. Truleg har det for Vassbakkelva relativt ofte vore kortare og lengre periodar utan overløp på dammen sidan den vart bygt i 1918. Verknader for fisket har såleis ikkje berre vore knytt til etablering av dammen med funksjon også som fiskesperre, men også tidvis sterkt redusert vassføring, av Vassbakkelva nedanfor dammen med verknader nedover til elvestrekkja etter samløpet med Tungeelva.

Tiltak som hindrar oppgang av anadrom laksefisk i et vassdrag får store konsekvensar for fiskebestandane i både vassdrag og sjø og for utnyttinga av dei. Mattilsynet tillet i dag inntak av vatn frå kjelde med oppgang av anadrom laksefisk dersom inntaksvatnet vert desinfisert. Naturmangfaldlova § 5 om bevaringsmål for arter seier at arter og deira økologiske funksjonsområde skal forvaltast slik at artene førekommer i levedyktige bestandar i sitt naturlege utbreiingsområde.

NVE meiner derfor på generelt grunnlag at fiskesperrer kan fjernast når det ikkje lenger er formelle krav til at disse skal bestå. Vi har difor i fleire tilfeller satt krav om at disse skal fjernast når dei tidsavgrensa løyva for disse tiltaka går ut. Vi kan ikkje sjå at det er grunn til å fråvike ein slik generell haldning i denne saka.

NVE meiner at det på grunnlag som vist til ovanfor ikkje er grunnlag for å gje særskilt løyve til at vassdraget skal vere stengt for oppgang av anadrom fisk ved utløpet av Vassbakkvatnet. Dammen kan bestå, men fylkesmannen kan i medhald av post 5 i vilkåra for løyve til uttak av vatn og regulering av Vassbakkvatnet, fremje pålegg om tiltak som blir vurdert som aktuelle for å styrke, ev. reetablere, anadrome fiskestammar i vassdraget.

Konklusjon

NVE meier at fordelane med å halde Vassbakkelva ved utløpet av Vassbakkvatnet stengt for vidare oppgang av anadrom fisk er mindre enn ulempene. Kravet i vassressurslova § 25 er då ikkje oppfylt. NVE avslår difor søknaden om å oppretthalde stenginga ved Vassbakkvatnet.

Vedtaket om at vassdraget skal vere stengt for oppgang av anadrom fisk er gått ut og er såleis ikkje til hinder for å gjennomføre tiltak som kan opne for fiskeoppgang.

For vurdering og gjennomføring av tiltak for å styrke, ev. reetablere fiskestammar i vassdraget, viser vi til post 5 i løyvet for regulering og vassuttak til settefiskanlegget som gjev Fylkesmannen heimel til å gje pålegg om aktuelle tiltak.

Klage

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi: Volda kommune, Rådhuset, 6100 Volda
Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6100 Volda
Grunneigar i Steinsvik v/Ola Steinsvik, Steinsvik, 6120 Folkestad